Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Nord-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lekvik

Emne: Högtidsmat ved familiefestar.

Bygdelag: Blankbygda

Oppskr. av: Johannes Hagen

Gard: Röstad nordre

(adresse): Lekvik

G.nr. 34 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

a. Födslen.

1. Ja.
2. Enkeltvis
3. Nei
4. Den andre dagen etter födsla.
5. 1 gang
6. I eldre tid var det alltid graut, römmegraut (barselgrauten), Seinare er det sötsuppe og kaker.
8. I fat (grov-krusfat) seinare i steintyterrin og store kommer.
9. Dei kalla det „barsengmat."
10. Det var kona som gjek, så framt ho var för til det.
11. Det var ikkje vanleg at mannen fulgte med.
12. Ja, traktering skulle dei ha, og det var helst kaffe og kaker det da, enten det var gutonge eller jenteonge.
13. Noko namn på det var det visst ikkje
15. Nei, ugifte mödre fekk også barsengmat.

8825

16. Det var omkring siste hundreårskifte
17. Nei,
18. Likeins.
19. Det tok til å bli skikk rundt siste hundreårskifte. Faddrene.
20. Ja.
21. De ga gaver til barnet. Det var ingen bestemt matsettel.
22. Det har aldri vori nokon regel om det, dei ga etter som dei sjøl syntes.
23. Det har teke til meir etter kvart.

B. Fødselsdag.
24. a. Nei. b. Nei.
25. Det er berre ved runde tal.
26. Det var og er næraste slekt og vener som blir bedne. Det er meir sjeldan at ubedne kjem.
27. Ja.
28. Nei
29. Det er ingen fast regel.

C. Konfirmasjon.
30. Feiringa av konfirmasjon i eldre tid var gjort med handlinga i kyrkja, noko konfirmasjonselskap var det ikkje tale om.
31. Ja, dei fleste held selskap. Det var først i dette hundreåret det tok til å koma i bruk og sidan har det vorte meir og meir vanleg.
32. Det er næraste skyldfolket.
33. Nei, det har aldri vori brukt.

8825

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II
Emne nr. 39.
Högtidsmat.

34. Ja, gaver vart gjevne. Nei dei gjev gaver om dei ikkje er bedne i selskap.
35. Nei.

D. Bryllup.

36. I eldre tid, men er for lenge sia gått av bruk.
38 a. 3 måltid, dessutan vart det bore kring kaffe eller öl eit par gonger med mat attåt.
b. Smör og bröd og ~~ff~~ lefse med kaffe til frukost. Sodd eller lutefisk til middag. Smör og bröd med kaffe eller öl til kvelds.
c. Brureagrauten (römmegraut) til middag andre bryllupsdagen.
d.
39. Dei brukte ei stor, rund korg og hadde sendingen i, „Sendingskorgja". Og vanleg sending var: 1 sendingskake (ei stor sirupskake som idag vil kosta minst 5 kr.) 1 husholdningsbröd ~~1 rund kvost~~ og 1 kvit kvost, 1 fat gomme og smör 1-2 kg.
40. Nei på ein bestemt måte var det ikkje, men det var jamt pynta.
41. Nei
42. Sending.
43. Det var helst tausa (tenestegjenta) på garden, og da vart ho kalla sendingstaus.
44. Ja, det var fest, sendingskvelden, dei kom i nonstida og så dansa


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dei heile natta og var utover
dagen til brurafylgjet kom frå
kyrkja, når dei da hadde fått
middagsmaten fór sendingstausene
heim kvar til sitt.
45. Ja, når sendingstausene fór
frå bryllupsgarden tok dei sendings-
korga med seg og da skulle
det vera ein bit i ho.
46. Forgangskjerringene.
47. Det er enda vanleg med
2 dage bryllup.
48. Det er lite brukt.
49 Ja nokre gjer det, men dei
fleste held bryllupet i heimen
50. Da blir det lite med gaver.
51. Nei, det blir med sølv- og
gullbryllup,

E. Gravøl.
52. Slektninger og grannar, og
det var bedmannen som gjekk
ikring og bad.
53. I eldre tid var det 1 dag, seinare
vart det 2 dage, no igjen er det
mest berre 1 dag likferd. Og
det var 3 måltid
54. Frukost før dei fór til grava,
Middagsmaten når dei kom att-
ende og kveldsmaten, dessutan
fekk dei bare rundt kaffe og
kake. Alle måltida vart
servert ved langbord.
55. Kjenner ikkje til det, men
sild vart aldri servert.

8825
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

Emne nr. 38
Høgtidsmat.



56. Middagsmaten, også kalla Matmålet.
57. Hos næraste nabo som hadde hus nok.
58. Dei hadde sendlingene med seg likferdsdagen.
59. Nei
60. Nei
61 Nei
62. Det kan eg ikkje
63. Dei brukte pons.
64. Nei, det har dei ikkje
65. Når gjestene er komne er det kaffe og smør og brød servert ved langbord, og til dels ein varm rett attåt. Etter gravferda er det middagsmat servert ved langbord: fiskepudding og steik er det mest vanlige med ein god del saker attåt, og tilslutt ein dessertgraut. Så er det ettermiddagskaffe: kaffe med ymse sorter kaker. Og tilslutt er det kveldsmat, enten kaffe eller te med smør og brød. Både ettermiddagskaffen og kveldsmaten vert servert ved langbord.
66. Nei, det blir brukt alkoholfritt øl til middagen,
67. Nei.
68. Til gravferd blir det enda bede med bedmann. Til bryllup har mange gått over til å bruke skriftleg beding; men det er først i dei aller siste åra

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8825

69. For ein 30–40 år sidan.

F. Nye fester.

70. Nei, det har dei ikkje
71. Jau da, morsdagen held dei storparten i bygda. Det kan vel vera innyað 30 år no sidan dei tok til med det.
72. Dei har teke til med det og no, men det er fyrst i dei aller siste åra det er kome i bruk.
73. Nei.
74. Nei.
75. Gjennom blad og aviser.

8825

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING